

# Faglig 1.mai- front 1975

- enhet på  
klassekampens grunn!



FOR INTERESSENE TIL DET ARBEIDANDE FOLKET - KAMP MOT MONOPOL-  
KAPITALEN OG DNA-REGJERINGA SIN POLITIKK

FOR EIT SOSIALISTISK NOREG - BERRE FOLKETS EIGEN KAMP GJEV SIGER!

KAMP MOT ALL IMPERIALISME - KAMP MOT DEI TO SUPERMAKTENE USA  
OG SOVJET!

POLKA I INDOKINA SYNER VEGEN - FULL STØTTE TIL FRIGJERINGSRØRSLENE!

## Slutt opp om

FAGLEG 1. MAI FRONTS HOVUDTOG

Oppmøte på Fisketorget kl. 11.00

Avmarsj kl. 11.30

Møte på Torgallmenningen kl. 12.30

Tale for dagen ved Pål Steigan,  
repr. Oslo Samorg.

Kvinneappell ved Berit Steinset,  
Kvinnefronten.

Anti-imperialistisk appell.

Ungdomsappell.

Raudt kor.

SLUTT OPP OM LOKALTOGA!

Frå Danmarks plass kl. 10.30

Frå Sandvikstorget kl. 10.30

Frå Møhlenpris (under brua) kl. 10.30

Frå Nordnes (ved Akvariet) kl. 10.30

Slutt opp om det einaste klassekamptoget 1. mai - bli med i  
Fagleg 1. mai Front!

## 1. MAI - EIN KAMPDAG!

1. mai er den dagen då borgarar og pampar skal få sjå at kampviljen i folket er aukande, krava våre hardare og solidariteten sterkare. Me skal syna at me vert fleire og fleire i fronten mot imperialismen, monopolkapitalen og den folkefiendtlege og reaksjonære politikken til DNA-regjeringa. Denne fronten femner om fagorganiserte, kvinner, ungdom, anti-imperialistar og ei rekkje andre grupper, og det er Fagleg 1. mai Front som uttrykkjer denne fronten 1. mai i Bergen.

### KVIFOR IKKJE SAMORGS TOG?

Borgarar vil knytta neven mot toget til Fagleg 1. mai Front. Toget til Samorg kan dei gjerne vinka til. Det er eit tradisjonelt sosialdemokratisk opplegg som AP- og SV-pampane i Samorg har fabrikkert. Oppportunismen i SV har synt seg så grenselaus at dei har lova å la vera med all kritikk av DNA-regjeringa.

Slik vert det eit hyllingstog for politikken til DNA i ei tid når alle som reiser kamp finn DNA-regjeringa som ein klar motstandar. Det gjeld dei fagorganiserte som møter regjeringstrugsmål om valdgift og ope classesamarbeid mellom LO-leiing og NAF. Det gjeld kvinnene som ser arbeidsplassane sine verta borte p.g.a. regjeringspolitikken, og som opplever at abortvilkåra er blitt forverra etter Stortingsmeldinga frå AP-regjeringa. Det gjeld ungdom under utdanning som slåst mot Stortingsmelding 17 og 44 og mot den alment reaksjonære utdanningspolitikken til Bjartmar Gjerde. Det gjeld anti-imperialistar som finn DNA-folk sentralt i den reaksjonære hetsen mot frigjeringskampen i Indo-Kina og i verda elles, mot godkjenning av GRUNC og PRR. Det gjeld alle progressive som ser AP i spissen når reaksjonen går til åtak på demokratiske rettar, t.d. hetsen mot NRK. Det gjeld kunstnarar og mange andre; det gjeld oss alle!

BERRE FAGLEG 1. MAI FRONT TENER DEI SAMS INTERESSENE VÅRE OG SAMLAR DEI PROGRESSIVE PÅ EIT KAMPGRUNNLAG.

"Bergen by - arbeidarstyrt på ny" er ei av hovudparolene for Samorg-toget. "Harry Hansen på ny" kunne ein like gjerne sagt. Ei valkamp-parole - til støtte for den borgarlege kommunepolitikken til DNA! Uansett kva andre paroler som AP og SV har hestehandla seg fram til på topp-planet, er realiteten denne:

Kvar einaste deltakar i dette valtoget vil verta teken til inntekt for DNA og ein politikk i strid med interessene til vanlege folk. Kvar einaste deltakar i Fagleg 1. mai Front sitt tog er med på å markera brotet med den sosialdemokratiske politikken og syna styrken til dei folkelege kreftene.

VEL SIDE 1. MAI!

EINSKAP PÅ KLASSEKAMP-GRUNN! SLUTT OPP OM FAGLEG 1. MAI FRONT.